

Ytre Hardanger sikringsradiolag
v/Bjørn Helge Skåle
Kyrkjevegen 200
5470 Rosendal

Rosendal, 14. februar 2026

Til
Kvinnherad kommune

Søknad til viltfondet

Ytre Hardanger sikringsradiolag søker med dette om stønad frå viltfondet på kr 20 000,- til drift av laget.

Sikringsradiolaget driftar for tida to sikringsradiostasjonar i kommunen. Ein på Vardahorga, høgde 1050 moh. ovanfor Ågotelv hyttefelt. Den andre stasjonen er på Jukla i Mauranger, på om lag 1 200 meters høgde. Sendarane dekker store områder både sør og nord i Kvinnherad.

Sendarane er kopla opp mot 110 i Bergen via GSM og dei tek seg av utløyyst alarm. Vi har 200 radioar registrer i laget. Dei er i bruk av turfolk, tilsyn med Blådalshytta, fiskarar, turlaget, jegrar, ettersøkslaget, sauebønder, skogbrukarar og ein del andre. Store deler av fjellområda i kommunen er utan mobildekning og sikringsradioen kan bøta på dette.

Arbeid med sendarane vert gjort på dugnad og vi søker økonomisk støtte der vi kan. Dei årlege driftsutgiftene kjem av metanol til brennselscelle, abonnement på ymse kommunikasjonsutstyr og bruken av dette, heimeside m.m. Det hender ein må leiga helikopter når tilhøva krev det, bl.a. av rasfare og andre sikkerheitsgrunnar.

Siste åra har ein del kostbart utstyr vorte erstatta grunna skader og slitasje. Laget har i samband med dette opparbeid seg gjeld som vi med dei årlege tilskota frå beitelaga i kommunen m/fl., ikkje klarar å handtera utan andre velviljuge bidragsytarar.

Vi håpar kommunen støttar oss med fondsmidlar og ser kor viktig Sikringsradioen kan vera for ovannemnde grupper og for lokal beredskap ved bl.a. bortfall av anna kommunikasjon.

Vi legg ved resultatrekneskap for siste 4 åra og viser til den økonomiske stoda.

For Ytre Hardanger sikringsradiolag



Bjørn Helge Skåle
styremedlem